

# Sjå framover med Venstre.



INFORMASJON  
Hå Venstre  
2023 - 2027



**VENSTRE**


# Våre fire valløfter

**Vern av lokal natur:**  
Venstre vil stanse naturtapet i kommunen.



**Ein skule som fremmer motivasjon:**  
Venstre vil prioritere skulen slik at både lærarar og elevar får auka motivasjon.

**Ein omsorgsfull kommune:**  
Venstre vil ha et trygt og nært omsorgstilbud av høg kvalitet for alle.



**Levande lokalsamfunn:**  
Venstre vil bidra til en aktiv utvikling av grøne, levande og attraktive sentrumskjerner i stasjonsbyane.

Hå skal vera ein grøn føregangskommune, der det er godt å veksa opp og godt å bu og godt å leva heile livet.

Venstre vil ta avgjerder basert på kunnskap. Me satsar på skule og oppvekst, på gode velferdstilbud og aktiv fritid. Vår politikk byggjer på sosialliberale verdiar, som betyr at en ynskjer å foreina fridom for den enkelte samstundes som ein tar ansvar for fellesskapet og kvarandre.

Venstre vil gje meir innverknad til kommunane, og me vil at det skal vera lettare for folk flest å kunna få innsyn samt delta meir i lokaldemokratiet.

Me vil ta Hå framover

**Kjetil Friestad**, ordførarkandidat



# Miljø.

Venstre er partiet som vil kutte klimagassutslepp, bevare naturmangfald og miljøet. Det skal vere lett å velje grønt.

## Venstre vil:

- ✓ Ta vare på matjorda vår.
- ✓ Verna rødlista artar.
- ✓ Stoppe nedbygging av alle naturtypar.
- ✓ Sikra samanhengande gang- og sykkelveggar.
- ✓ Bevare Pyttaskogen på Nærbø.
- ✓ Tilbakeføre areal til LNF om mogleg.
- ✓ Gjere bustad- og sentrumsområde grønare.
- ✓ Planta 1000 nye tre i kommunen for auka trivsel, estetikk, le for vind og fleire levestadar for dyr og insekt.

# Barnehage og skule.

Utdanning er nøkkelen til ei betre framtid. Venstre vil prioritere skulen slik at både lærarar og elevar får auka motivasjon.

## Venstre vil:

- ✓ Auka grunnbemanninga i barnehagane.
- ✓ At kompetanse skal lønne seg og at lærarane skal få høgare løn.
- ✓ Ha ein praktisk og variert skulekvardag.
- ✓ Styrke laget rundt eleven.
- ✓ Ha trygge skuleveggar for alle.
- ✓ Ha meir leikbasert læring for 5-8-åringar.
- ✓ Ha meir leksebevisste skular.



## Helse og omsorg.

Eit trygt og nært helsetilbod av høg kvalitet er viktig for at alle skal ha fridom og høve til å delta i samfunnet. Samtidig meiner Venstre at kvar enkelt i større grad bør kunna bestemme kven ein får tenestene frå.

### Venstre vil:

- ✓ Satse på førebygging. For eksempel ved å gjennomføra oppvekstreformen.
- ✓ At kommunen skal gi raskt tilbod om psykiatrisk hjelp, spesielt til ungdom.
- ✓ Ha betre barselomsorg.
- ✓ Gje leigetakarar moglegheit til å overta kommunal bustad ved å la leige fungere som nedbetaling.
- ✓ At sjukeheimar og omsorgsbustader har eit tilpassa tilbod som reflekterer interessene og ønska til den enkelte.
- ✓ Vidareføra dagens ordning med kontantstøtte i kommunen, og kompensera for det som forsvinn etter regjeringa sine endringa.

## Framover.

For Hå Venstre er det viktigaste å sikra gode tilbod og løysingar for innbyggjarane i framtida, og me er positive til å sikra dette i lag med nabokommunane våre. Me ønsker å vidareutvikla samarbeid på tvers av kommunegrensene for å sikra gode kompetansmiljø og tilbod.

### Venstre vil:

- ✓ At alle politiske møter som ikkje er unntatt offentlegheita skal vera tilgjengelege via kommune TV.
- ✓ Ta ansvar for at kommunen har sunn økonomi og er rusta for utfordringar som kjem.
- ✓ Unngå eigeomsskatt så lenge det ikkje er nødvendig for det kommunale tenestenivået.
- ✓ Få med nabokommunane til å tilsetta ein felles Skogansvarlig til å følgje opp skogane og føre skogregnskap.
- ✓ Jobba for ei større oppgradering av Jernbanestoppa i kommunen. Med fokus på universal utforming og tilrettelegging for pendlarar.

## Næringsliv.

Næringsliv i framtida er grønt, nyskapande og kreativt. Kommunen skal yte god service og ha stabile rammevilkår for næringsverksemd. Venstre er det grønne næringspartiet.

### Venstre vil:

- ✓ Legga til rette for godt samarbeid mellom skular, kommune og næringsliv.
- ✓ At kommunen skal prioritere innkjøp av varer og tenester frå lokale aktørar.
- ✓ Legga til rette for produktutvikling og løfta fram lokal mat.
- ✓ Gjere det enkelt å vere gründer.
- ✓ Legga til rette for eit attraktivt uteliv.

## Eit levande lokalsamfunn.

Venstre vil bidra til en aktiv utvikling av grønne, levande og attraktive sentrumskjerner. Gode lokalmiljø har òg eit mangfald av aktivitetar, slik at alle finn noko dei kan trivast med.

### Venstre vil:

- ✓ Laga sterke knutepunkt mellom bolig, kollektivtenesta, handel og offentlege tenesta. Til dømes byggja Vigrestad skule i sentrum.
- ✓ Ta vare på meir natur og sikra tilgang til lokale turområde for alle.
- ✓ Innføra fritidskort og sikra unge tilgang til fritidsaktivitetar innan idrett og kultur.
- ✓ Ha spesielt fokus på barn i låginntektsfamiliar ved å følgja opp at barnefattigdom vert eit prioritert område i økonomiplanen.
- ✓ Minska byråkratiet opp mot frivilligheita i samband med søknader om midlar og enkle byggjesøknader.



## Venstre tar Rogaland framover.

Vi bygger politikken vår på ideen om fridom for den enkelte og ansvar for kvarandre.

Venstre vil at Rogaland skal vere eit miljøvennleg og moderne fylke der alle får gode moglegheiter til å lukkast.

**Hugs å stemme Venstre i fylkesvalet!**  
Godt val!



**Kjartan Alexander Lunde**

Fylkesordførarkandidat

## Venstre er det grønne næringspartiet.

Rogaland skal ha eit grønt, nyskapande og konkurransedyktig næringsliv.

### Venstre vil:

- ✓ Gjere det enklare å starte ny bedrift.
- ✓ Styrke berekraftig matproduksjon, og fremme lokal mat og råvarer.
- ✓ Kutte byråkrati og kutte skatt på verdiskaping.

## Meir natur.

Venstre vil kutte klimagassutslepp, ta vare på naturen og det biologiske mangfaldet.

### Venstre vil:

- ✓ Rydde forsøpla sjø- og badeområde.
- ✓ Verne matjorda og naturen.
- ✓ Gjere buss- og båttilbodet i Rogaland utsleppsfritt.

## Rikt kulturliv.

Venstre vil sikre alle i Rogaland tilgang til eit mangfald av kulturopplevingar, og leggje til rette for frivilligheita.

### Venstre vil:

- ✓ Auke driftstilskota til det frie kulturlivet og frivilligheita.
- ✓ At frivillige kulturaktørar skal ha gode, føreseielege og ubyråkratiske støtteordningar.

## Fridom i skulen.

Venstre vil prioritere den vidaregåande skulen slik at både lærarar og elevar får auka motivasjon.

### Venstre vil:

- ✓ Auke løna til lærarane og gje meir tid til kjerneoppgåvene.
- ✓ Styrke laget rundt elevane gjennom skulehelsetenesta og andre tilbod.
- ✓ Gje elevane meir valfridom.
- ✓ Ha ei meir fleksibel praktisering av fråversgrensa.

## Grøne reiser.

I Rogaland skal me ha eit transporttilbod som er billeg, miljøvennleg og som raskt tar oss dit me skal.

### Venstre vil:

- ✓ Styrke busstilbodet i heile fylket.
- ✓ Byggje fleire gang- og sykkelveggar, og sikre trygge skuleveggar.
- ✓ Utvide Heim-jobb-heim-ordninga til å gjelde heile fylket.



# Venstre sine kandidatar i Hå.

## 1. Kjetil Friestad (44 år), Nærbø

Kjetil har ein leiarjobb på flyplassen. Han brenn for vern av natur og dyrevelferd, og vil at Hå Kommune skal bli betre til å bevare matjorda vår. Kjetil er opptatt av sosialliberale verdiar, kor ein ivareteke fridom til den enkelte samstundes som ein tar ansvar og har omsorg for fellesskapet og kvarandre.



## 2. Miriam Dybing Taksdal (32 år), Nærbø

Miriam er sosionom. Ho er opptatt av at alle born skal ha ein trygg og god oppvekst. Ho meiner at det viktigaste for ein berekraftig kommune i framtida er førebygging i dag.



## 3. Grete Friestad (32år), Nærbø

Grete er ufør, aktiv ID-hund fører og bistår i søk etter forsvunne kjæledyr med hunden sin Vera. Grete brenn for å ivareta biologisk mangfald, bevare skog og natur, og sikra turglede til alle. Ho har eit spesielt fokus på dei som slit psykisk og fysisk.



## 4. Tone Dybing Gravdal (35år), Vigrestad

Tone er landskapsarkitekt og arkitekt, og brenn for grønne, levande og berekraftige lokalsamfunn. Ho er også veldig opptatt av psykisk helse, barsel- og tilknytningsomsorg, samt natur, miljø og ernæring.



5. **Jon Arne Silgjerd**, 1957, Nærbø

6. **Albert Moe**, 1943, Nærbø

7. **Rune Pettersen**, 1972, Vigrestad

8. **Lena Hodne**, 1980, Nærbø

9. **Anita Skjæveland Iversen**, 1992, Nærbø

10. **Fredrik Waldeland**, 1987, Vigrestad

11. **Gorm Ingve Berge**, 1963, Sirevåg



Les meir om vår politikk på:

[venstre.no/ha](https://venstre.no/ha)



**VENSTRE**